

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»Dato: 10.08.2017  
Vår ref.: 2017/14242-1  
Saksbehandlar: gudmath  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»


## Reduksjon av utslepp frå sju kvotepliktige industriverksemder i Hordaland

Fylkestinget i Hordaland vedtok den 13.12.2016 «Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2017» (PS 112/2016). Punkt 9 i vedtaket lyder:

9. Fylkestinget merker seg at utsleppa frå 7 kvotepliktige industriverksemder står for nesten 60 % av alle utsleppa frå Hordaland. Fylkestinget er bekymra for at reduksjonen i utsleppa deira ikkje skjer raskt nok til å nå måla. Fylkestinget ber om informasjon frå verksemdene om kva dei kan og vil gjere for å redusere sine utslepp.

Bakgrunn for vedtaket er at Hordaland er fylket i Noreg med størst utslepp, 13,7 % av nasjonale klimagassutslepp i 2013. Utsleppa har stige frå kring 4 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 1991 til nesten 5 mill. i 2015. Målet i Klimaplan for Hordaland er å redusere desse utsleppa til kring 3 mill. i 2020 og 2,4 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2030.

Sju kvotepliktige verksemder innan olje, industri og energiforsyning står for utslepp av kring 3 mill. CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, nesten 60 % av utsleppa i Hordaland. Det er Statoil Mongstad, Statoil Stureterminalen, Sør-Norge Aluminium as, Tizir Titanium & Iron AS, Elkem Bjølvefossen, Gassco AS og BIR avfallsenergi AS.



Til samanlikning er Hordaland fylkeskommune sine egne utslepp utanom kollektivtransporten på om lag 2000 tonn CO<sub>2</sub> per år dersom ein ikkje reknar utslepp frå elektrisitet.

### **Nokre mulege tiltak og verkemidlar for utsleppsreduksjon i kvotepliktig sektor**

Miljødirektoratet har fått utarbeidd analysar og sett opp ei liste av mulege tiltak for å redusere klimagassutsleppa frå store kvotepliktige industriaktørar<sup>1</sup>. Tiltaka er sett opp i tre grupper etter kor mykje dei ulike reduksjonane i klimagassutslepp vil koste. Her er teke med det som er relevant for dei store Hordalandsverksemdene.

#### Tiltakspakke 1 – Under Kr 500 Pr Tonn Co<sub>2</sub>

Reduserte utslepp av CO<sub>2</sub> og PFK frå aluminiumsindustrien som skuldast forbruk av anodar i elektrolyseomn

#### Tiltakspakke 2 Opp til Kr 1500 Pr Tonn Co<sub>2</sub>

Auka andel trekol i ferrosiliumindustrien

Hydrogen som reduksjonsmiddel i Tizir

Elkem Bjølvefossen – utslepp skuldast i hovudsak bruk av koks/kol som reduksjonsmiddel

Statoil ASA Raffineri Mongstad - Raffineritiltak gjenvinning av varme frå røykgass og optimalisere kjel/omn

#### Tiltakspakke 3 Over Kr 1500 Pr Tonn Co<sub>2</sub>

CCS Mongstad Cracker (s109)

CCS Mongstad kraftvarmeverk (s139)

Miljødirektoratet oppsummerer at det er ei positiv utvikling i industrien.

For perioden 2013-2020 har EU fastsett nye reglar for tildeling av kvoter. No må ein større del av kvotene bli kjøpt, i høve til andelen som blir tildelt gratis – spesielt i kraftindustrien. Kvotene som blir tildelt gratis, vil over tid verte ytterlegare redusert. Då vil utsleppskutt skje der det er mest kostnadseffektivt. Nasjonale tilskotsordningar frå Enova er eit verkemiddel for å redusere klimagassutslepp frå kvotepliktig sektor.

Fylkeskommunen som regional mynde har i utgangspunktet ikkje direkte påverknad på desse tilhøva, sjølv om klimaplanen sine mål omfattar alle typar klimagassutslepp frå Hordaland som geografisk område. Som politisk styrt, regional utviklingsaktør ønskjer Hordaland fylkeskommune likevel å medverke til at klimagassutslepp frå industriverksemdene går ned så raskt som muleg, samstundes som framtidige arbeidsplassar vert sikra.

### **Vi syner til fylkestinget sitt vedtak og ber om at De svarar på følgjande spørsmål:**

#### A Planar om utsleppsreduksjon

1. Har verksemda konkrete planar for reduksjon av klimagassutslepp utanom kvotekjøp?
2. Viss ja – kva går planane ut på? Gi ei kort skildring.
3. Viss nei – kvifor ikkje?
4. Har verksemda planar for reduksjon av andre miljøutslepp?

#### B Om De også har synspunkt på korleis Hordaland fylkeskommune bør medverke, er vi takksame for det.

Nokre døme:

- Auka regionalpolitisk fokus på industriverksemdene sine utfordringar
- Invitere til møte med Innovasjon Norge og Enova om korleis de jobbar proaktivt med utsleppsreduksjonar
- Lobbe for statlege tilskot til verksemdene sine større omstillingsprosjekt
- Medverke til at Vestlandet ser nærare på CCS

<sup>1</sup> Klimatiltak og utsleppsbaner mot 2030 M386/2015, s 83-100

- Fremje forskning
- Som medlem i North Sea Commission medverke til at klimagassutslepp frå industrien rundt Nordsjøen går ned
- Korleis kan regionane medverke til at ny teknologi og prinsippa om «circular economy» blir tekne i bruk av næringslivet.

Vi ber om svar innan 4. september 2017, så vi rekk å melde tilbake til Fylkestinget i desember..

Med venleg helsing

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

Gudrun Mathisen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Brevet går til

Statoil ASA, Mongstad  
Sør-Norge Aluminium AS, Husnes  
Tizir Titanium & Iron, Tyssedal  
Elkem Bjølvefossen, Ålvik  
Statoil ASA Stureterminalen  
Gassco AS, Kollsnes  
BIR Avfallsenergi AS, Rådalen